



Ove Foldnes  
Rådhusgaten 10

5020 BERGEN

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/7628 - 16/26379

Saksbehandlar:  
Nora Gjerde  
nora.gjerde@lindas.kommune.no

Dato:  
23.09.2016

## **Nytt regionalt hamnesamarbeid – godkjenning av intensjonsavtale for avvikling av Bergen og omland hamnevesen (BOH) og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid**

Vedlagt følger vedtak i Kommunestyret – 15.09.2016.

Med helsing  
Nora Gjerde  
administrasjonssekretær

*Dokumentet er signert elektronisk.*

Andre mottakrarar:

Ove Foldnes  
Jorunn Nøttveit Moen



# SAKSPAPIR

Saksnr	Utval	Type	Dato
111/16	Formannskapet	PS	01.09.2016
066/16	Kommunestyret	PS	15.09.2016

Saksbehandlar	ArkivsakID
Hogne Haugsdal	14/7628

## Nytt regionalt hamnesamarbeid – godkjenning av intensjonsavtale for avvikling av Bergen og omland hamnevesen (BOH) og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid

### Vedlegg:

Signert Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Hamnevesen og...Utkast til vedtekter for Havneselskapet AS\_D1\_V1

### Rådmannen sitt framlegg til vedtak

1. Lindås kommune godkjenner intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid», datert 17.06.2016
2. Rådmannen får fullmakt til å arbeide vidare med grunnlaget for eit nytt hamnesamarbeid. Endelege vedtekter til det nye hamneselskapet skal opp til godkjenning i kommunestyret.

Aksjekapitalinnskot på kr 1.600.000 blir henta frå disposisjonsfondet.

### Formannskapet - 111/16

#### FO - behandling:

#### Framlegg frå B.Vatnøy-Frp:

1. Lindås kommune opprettheld gjeldande vedtak i kommunestyre juni og september 2015 ,
2. Det vert lagt fram ei juridisk vurdering av intensjonsavtalen som no ligg føre.

Framlegget fekk 3 røyster og fall (B.Vatnøy-Frp, N.Øvreås-Frp og K.Vågstøl-H)

Rådmannen sitt framlegg vert vedteke med 8 røyster.

#### FO - vedtak:

1. Lindås kommune godkjenner intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid», datert 17.06.2016
2. Rådmannen får fullmakt til å arbeide vidare med grunnlaget for eit nytt hamnesamarbeid. Endelege vedtekter til det nye hamneselskapet skal opp til godkjenning i kommunestyret.

Aksjekapitalinnskott på kr 1.600.000 blir henta frå disposisjonsfondet.

### **Kommunestyret - 066/16**

#### **KO - behandling:**

Ingeborg Myksvoll-Sp gjekk og vara Laila Bjørge-Sp kom under handsaming av denne saka.

Rådmann Ørjan Raknes Forthun orienterte til saka.

#### **Framlegg frå Karl Vågstøl-H:**

Formannskapet si innstilling med tillegg:

Foreslåtte intensjonsavtale med følgende tillegg:

*Under punkt 10:*

*-Det må framgå at også kr. 450 mill. skal tilførast selskapet.*

*-Det må utarbeidast eit tilleggspunkt som avklarar korleis mellomverande som oppstår på bakgrunn av pkt. A-E skal handterast.*

Framlegget fekk 4 røyster (H) og fall.

#### **Framlegg frå Frp:**

Innstillinga i Formannskapet pkt. 1:

1. *Lindås kommune opprettheld gjeldande vedtak i kommunestyre juni og september 2015.*

Framlegget fekk 9 røyster (Frp+H) og fall.

Innstillinga i formannskapet vart vedteke mot 9 røyster (Frp+H)

#### **KO - vedtak:**

1. Lindås kommune godkjenner intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid», datert 17.06.2016
2. Rådmannen får fullmakt til å arbeide vidare med grunnlaget for eit nytt

hamnesamarbeid. Endelege vedtekter til det nye hamneselskapet skal opp til godkjenning i kommunestyret.  
Aksjekapitalinnskott på kr 1.600.000 blir henta frå disposisjonsfondet.

### **Saksopplysningar:**

Saka skal til innstilling i formannskapet  
Saka skal avgjerast i kommunestyret

### **Saksutgreiing:**

#### **Bakgrunn for saka:**

Lindås kommune har dei siste åra jobba aktivt i prosessen med å omorganisere dagens hamnesamarbeid, Bergen og Omland Havnevesen (BOH). Kommunen har lenge vore kritisk til korleis prosessen med omorganiseringa har vore gjennomført, og i 2015 gjorde kommunestyret i Lindås kommune eit prinsippvedtak om å oppløse BOH (sak 69/15) og etablere eit eige hamneselskap (Sak 89/15). I februar 2016 inviterte byrådet i Bergen kommune alle samarbeidskommunane i BOH til eit eigarmøte. Føremålet var å starte ein ny prosess for å få på plass eit nytt regionalt hamnesamarbeid med dei same eigarkommunane. Frå februar til juni 2016 er det jobba fram eit grunnlag for eit regionalt hamnesamarbeid, som blei stadfesta i ein intensjonsavtale 17.06.16. Intensjonsavtalen er underskriven under føresetnad om politisk handsaming. Denne saka gjeld handsaming og godkjenning av intensjonsavtalen «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid»

#### **Historikk samandrag:**

- Lindås kommune har vore med i Bergen og Omland hamnevesen (BOH) sidan 1990 saman med 10 andre kommunar. BOH er organisert som eit § 27 samarbeid etter kommunelova.
- I 2010 kom det ny hamne- og farvannslav, og i samband med dette blei det sett i gang ein prosess med å omorganisere BOH til ei anna og meir tenleg selskapsform.
- Eit viktig mål for omorganiseringsprosessen var å ha med alle deltakarkommunane inn i eit nytt hamneselskap, og det blei lagt opp til å etablere eit interkommunalt selskap (IKS).
- Prosessen med å etablere eit nytt hamneselskap har i stor grad vore styrt av BOH og Bergen kommune, og i tida fram til 2013 var det fleire ulike forslag til korleis eit nytt selskap skulle byggjast opp. Mellom anna var det nedsett ei arbeidsgruppe i BOH som utarbeidde skisser til ny organisering.
- Dei andre eigarkommunane var lite involvert i prosessen og det resulterte mellom anna i eit tettare samarbeid mellom Fjell og Lindås kommune i 2012/2013. Begge kommunane var ved fleire høve kritiske til prosessane rundt etableringa av eit nytt

hamneselskap.

- Fjell og Lindås har hatt eit tett samarbeid både på politisk og administrativt nivå, i tillegg har kommunane knytt til seg ekstern kompetanse innanfor juridiske og hamnefaglege problemstillingar.
- Den 30.05.2013 blei alle deltakarkommunane kalla inn til eit ordførarmøte/eigarmøte i Bergen kommune med dåverande byrådsleiar Monica Mæland. Premissane for det nye selskapet Bergen Hamn IKS (BH IKS) blei lagt fram. Premissane blei lagt fram unntatt offentlegheit og alle kommunane fekk ei veke på å «akseptere» desse premissane, noko Lindås og Fjell ikkje kunne støtte.
- I hovudtrekk gjekk premissane ut på følgjande:
  - Alle deltakarkommunar blir invitert med som eigarar i nytt selskap (BH IKS)
  - Selskapet får inntil kr 1 mrd i eigenkapital
  - Bergen kommune overtar det meste av alle eigedomar og bygg som er tilknytt BOH.
  - Bygg og eigedomar som det nye selskapet ikkje eig, men som ein ønskjer å nytte til hamneføremål, må leigast frå Bergen kommune.
  - Eigedomar og bygg som ikkje skal nyttast til hamneføremål, kan Bergen kommune fritt disponere til andre føremål (bustad, næring)
  - Bergen kommune vert majoritetseigar i selskapet med 70% av røystene. Dei andre 10 kommunane får 3% kvar
  - I tillegg var det ikkje presisert kva strategi og føremål det nye selskapet skulle ha.
- Desse premissane blei også lagt til grunn for vedtak i hamnestyret 2. september 2013. Kommunane Lindås og Fjell var usamde med desse premissane, og 19.12.2013 gjorde begge kommunestyra vedtak om at kommunane ikkje ønskja å vere med på eit nytt hamnesamarbeid basert på dei premissane. I tillegg gjorde begge kommunar vedtak om å sjå på muligheita for å etablere eit nytt felles hamneselskap mellom desse kommunane.
- I etterkant av vedtaka i desember 2013 jobba Lindås og Fjell vidare med å etablere eit nytt hamneselskap. I tillegg var det tett kontakt med BOH og Bergen kommune for å sjekke ut om det kunne vere opning for å endre på premissane for Bergen Havn IKS.
- Målet til BOH var å sende ut grunnlaget for nytt selskap til alle kommunane i løpet av 2014, men saksgrunnlaget kom aldri ut til kommunane.
- I november 2014 blei vedtaket frå havnestyret i 2013 oppheva, dette var for å skilje tydelegare mellom oppløysing av BOH og etablering av eit nytt selskap. Føremålet var at BOH skulle sjølv styre oppløysing av eige selskap, medan eigarane skulle styre prosess med nytt hamneselskap. Dette gav ei viss tru på at ein kanskje kunne gjere ei ny vurdering av premissane for det nye selskapet.
- I januar 2015 gjorde Havnerådet i BOH eit prinsippvedtak om å oppløyse BOH og etablere eit nytt hamneselskap (Bergen Havn IKS). Premissane for dette selskapet var identisk med dei som Lindås og Fjell ikkje kunne akseptere i desember 2013. Havnerådet sitt vedtak blei sendt ut til alle deltakarkommunane for godkjenning.
- 4 juni 2015 var det eit eigarmøte med samarbeidskommunane i BOH i regi av byrådet i Bergen kommune. Føremålet var å avklare prosessane knytt til avvikling av BOH og etablering av Bergen Havn IKS. På dette møtet var det ein grundig diskusjon rundt prosessane og mangel på involvering av eigarane. Mellom anna var det eit ønskje om å ha ein meir eigarstyrt diskusjon om strategien til nytt selskap. Bergen kommune signaliserte at dei ville kalle inn eigarane til eit strategimøte hausten 2015.
- Lindås kommune handsama prinsippvedtaket i kommunestyremøte 18.06.15 (Sak 69/15), i same møte gjorde kommunestyret vedtak om å etablere ei eige hamneselskap i samarbeid med Fjell kommune (Sak 70/15).
- Fjell kommune venta med si handsaming av desse sakene til etter sommaren 2015. I si handsaming i august 2015 ville Fjell kommune vente med å ta stilling til

samarbeid om Bergen Havn IKS til endeleg strategi og samarbeidsform for BH IKS låg føre. Fjell kommune utsette dermed saka om etablering av eige hamneselskap med Lindås.

- Basert på prosessane i Fjell kommune gjorde Lindås kommune eit nytt vedtak 24.09.15 (Sak 89/15) der Lindås skulle sjå på muligheiten med å organisere hamnedrifta åleine.
- 27. november 2015 var alle eigarkommunane samla til eit strategimøte i regi av BOH. På dette møtet blei prosessane rundt heile hamneorganisering på nytt eit tema. Ny byrådsleiar i Bergen tok med seg innspel og lova å kalle inn eigarkommunane til eit overordna eigarmøte, kor ein skulle vurdere å diskutere prosessar og strategiar på nytt.

### **Ny eigarstyrt prosess med å etablere eit nytt hamnesamarbeid**

19. februar 2016 inviterte Bergen kommune inn til eit ordførarmøte, kor Bergen opna for å starte ein ny prosess med å etablere eit nytt regionalt hamnesamarbeid. I møtet la Bergen fram sitt utgangspunkt for eit vidare samarbeid:

- Det er ønskeleg at flest mogeleg, helst alle deltakarkommunar vert med vidare
- Det er ønskeleg at alle deltakarkommunane er sterkt involverte når framtidig modell skal utformast
- Det er ønskeleg å få på plass ny organisering samt oppløysing av dagens BOH så snart som mogeleg
- Ny organisering må løyse problematikken kring hamnekaske og kommunekasse mellom BOH og Bergen
- Det kan vere formålstenleg at det skjer ei ny vurdering av selskapsform IKS kontra AS
- Eventuell etablering av nye hamneanlegg og drift av eksisterande må vere økonomisk konkurransedyktig og fremje sjøtransport
- Dagens byråd ønskjer å flytte godsterminalen bort frå Dokken
- Det er Bergen sitt ønskje at ny organisering skal sikre reell medverknad frå omlandskommunane
- Cruise, ferjetrafikk og annan nyttetraffic er framleis føresett handtert av Bergen hamn

Bergen kommune sitt utgangspunkt var grunnlaget for ein diskusjon mellom eigarkommunane. Frå fleire av eigarane blei det presisert at eit nytt hamneselskap må ha eit offensivt føremål knytt til regional næringsutvikling, og at omlandskommunane må få reell medverknad og styring i eit nytt selskap.

Med bakgrunn i diskusjonen, vart deltakarane på eigarmøtet samde om å arbeide vidare med eit grunnlag for eit nytt hamneselskap, som igjen kunne leggjast fram for kommunestyra i alle kommunane. Det blei sett ned ei administrativ arbeidsgruppe som skulle jobbe fram eit grunnlag, med deltakarar frå Bergen, Askøy, Os, Sotra/Øygarden og Nordhordland.

Arbeidsgruppa fekk følgjande mandat:

- Gjennomgå framlegget til organisering og vedtekter for ny organisering, og sjå om ein bør dele organisasjonen opp i to uavhengige organisasjonar med ulike vedtekter og føremål
- Gjennomgå føreliggande framlegg til skilje mellom hamnekapital og kommunekasse. Eventuelt kome med alternativt forslag
- Utarbeide forslag om kor stor eigenkapitalen skal vere og korleis han skal finansierast
- Utarbeide forslag til mogeleg styringsstruktur som viser deltakarkommunane sin økonomiske risiko/hamnekapital og aktivitetsområde

### **Innhald i intensjonsavtale**

Den administrative arbeidsgruppa har hatt fleire møter i løpet av våren for førebu eit grunnlag for eit nytt hamneselskap, det har også vore eigarmøte undervegs for å drøfte prinsipielle problemstillingar. I tillegg har det vore enkeltmøte mellom kommunar på politisk nivå for å avklare enkelte problemstillingar. Med bakgrunn i desse prosessane blei det 17.06.16 lagt fram eit forslag til intensjonsavtale «Intensjonsavtale om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid». Intensjonsavtalen blei underskriven av alle 11 eigarkommunar, under føresetnad om godkjenning i alle respektive kommunar. Hovudtrekka i intensjonsavtalen og i utkast til vedteker er som følgjer:

- Nytt hamneselskap blir etablert som eit aksjeselskap. Det er berre kommunar som kan eige aksjar i selskapet.
- Aksjane er delt opp i to aksjeklassar. Bergen kommune eig 50% av aksjane (B-aksjar), dei andre kommunane eig til saman dei resterande 50% (A-aksjar).
- Det er ulik eigarfordeling på A-aksjane, der Lindås kommune er største eigar med 16%. Det er lagt vekt på folketal, del anløpsavgifter og ein lik felles andel.
- Aksjeklasse A har rett til å velje møteleiar på generalforsamling. Aksjeklasse B har rett til å velje styreleiar.
- Føremålet med selskapet er å ivareta/samordne hamneoppgåver i eigarkommunane sitt hamnefarvatn, i dette ligg å arbeide for å utvikle hamnene i regionen som attraktive hamner i regional, nasjonal og internasjonal samanheng.
- Ved selskapsetableringa vil det verte skote inn aksjekapital på totalt kr 10 mill. Kr 5 mill frå Bergen kommune og til saman Kr 5 mill frå omlandskommunane.
- Bergen kommune overtar alle eigedomar, tomtar, areal, bygningar, kaifrontar etc som ligg i Bergen kommune og som er balanseført i BOH. Bokført verdi på desse eigedomane er hamnekapital som må førast tilbake til selskapet, det er verdier for NOK 995 mill.
- Selskapet vil bli tilført verdier frå hamnekapitalen i Bergen kommune med NOK 540 mill ved stiftinga av selskapet.
- Eigarskapet til Mongstad kai blir overført frå BOH til eit nytt aksjeselskap «Mongstad kai AS» Lindås kommune skal eige 65% av aksjane og Hamneselskapet 35 %. Lindås kommune kan peike ut 2 personar i styret og Hamneselskapet 1 person. Hamneselskapet skal stå for drifta av Mongstad kai AS og inngå driftsavtale på marknadsmessige vilkår.

### **Vidare arbeid:**

Intensjonsavtalen og vedteker skal til handsaming i alle kommunar. Lindås kommune vel å handsame intensjonsavtalen først. Vedtektene og avklaring rundt verv og representasjon vil kome i neste politiske runde. Når dei formelle avklaringane er på plass vil det ble halde stiftingsmøte med etterfølgjande konstituerande generalforsamling. Her vil styret for selskapet bli vald. Styret vil, saman med den daglege leiinga i selskapet, få hovudansvaret for det vidare arbeidet med å få gjennomført dei formelle og praktiske oppgåvene knytt til reetableringa av hamneverksemnda innan dei gjevne rammene. Det er eit mål om at nytt hamneselskap skal vere på plass til 01.01.2017.

### **Vurdering:**

#### **1. Innleiing:**

Kommunar står fritt til å organisere si hamnedrift og dette blir løyst på mange ulike måtar, gjerne basert på føremål, strategiar og ambisjonsnivå. Det har ofte vist seg mest tenleg å organisere hamnedrifta i større interkommunale samarbeid, fordi det er viktig å sjå hamneutvikling og forvaltning i eit større regionalt perspektiv. Dette var også utgangspunktet for etableringa av Bergen og Omland havnevesen (BOH) i 1990. Ein ville ha eit samarbeid som kunne løfte regionen i eit nasjonalt og internasjonalt perspektiv. Bergensregionen har eit

internasjonalt hamnepotensiale som ein i fellesskap kan utnytte. For å vidareutvikle det regionale hamnesamarbeidet var det eit ønskje om å etablere i ei meir tenleg selskapsform. § 27 samarbeid etter kommunelova er ikkje tenleg når føremålet med samarbeidet er både offentlig forvaltning og kommersiell drift. I prosessane med å omorganisere selskapet har det vore meir fokus på å avklare juridiske og økonomiske forhold mellom Bergen kommune og BOH, enn å etablere eit framtidsretta hamneselskap der ein fekk til ei heilskapleg utvikling av regionen. Prosessane har vore prega av lite eigarinvolvering og premissar som sikrar største eigar absolutt fleirtal. I tillegg har det vore uklare forhold knytt til enkelte eigedomar, mellom anna kaien på Mongstad. Basert på dette tok Lindås kommune tidleg standpunkt om at ein ikkje ville vere med i eit nytt felles hamnesamarbeid, med vedtak i kommunestyret i desember 2013. Kommunestyret har fulgt opp med nye vedtak som har presisert at kommunen ønskjer å gå i ei anna retning. Dei gjeldande vedtaka knytt til hamneorganisering blei gjort i juni og september 2015:

#### **Kommunestyremøte 18.06.15: Prinsippvedtak om oppløysing av BOH (Sak 69/15)**

- Lindås kommune vedtar at Bergen og Omland hamnevesen (BOH) blir oppløyst
- Lindås kommune ønskjer ikkje å vidareføre si hamneverksemd i Bergen Hamn IKS (BH IKS)
- Lindås kommune vil gjere krav på proveny ved oppløysing av BOH, og vil gjennomføre ein eigen oppgjersprosess knytt til dette.

#### **Kommunestyremøte 24.09.15: Alternativ hamneorganisering for Lindås kommune (Sak 89/15)**

- Kommunestyret bed rådmannen leggja fram ei sak om hamneorganisering, kor Lindås kommune organiserer hamnedrifta
- Kommunestyret ønskjer å etablere eit hamneselskap der ein opnar for deltaking frå Fjell og andre kommunar.

## **2. Prosess med nytt hamnesamarbeid og utarbeiding av intensjonsavtale**

I slutten av september 2015 kom det invitasjon til eit strategimøte i regi av BOH. På strategimøtet 27.11.15 blei det for første gong signalisert frå Bergen kommune at ein ville sjå på desse prosessane med «nye auge». Bergen kommune ville invitere inn eigarane til eit nytt strategimøte for å drøfte vegen vidare. I februar 2016 inviterte Bergen kommune inn eigarane til ein strategidiskusjon, og byrådleiar var tydeleg på at Bergen ville starte prosessen med «blanke ark». Det blei særleg trekt fram følgjande frå Bergen kommune:

- Det er ønskeleg at flest mogeleg, helst alle deltakarkommunar vert med vidare
- Det er ønskeleg at alle deltakarkommunane er sterkt involverte når framtidig modell skal utformast
- Det er Bergen sitt ønskje at ny organisering skal sikre reell medverknad frå omlandskommunane

Invitasjonen frå Bergen blei godt mottatt av dei andre eigarkommunane. Dette var nettopp det Lindås og Fjell hadde jobba for i mange år, ein ny prosess som er eigarstyrt og involverande. I diskusjonen vidare blei det også presisert at eit nytt hamneselskap må ha eit offensivt føremål knytt til regional næringsutvikling. Eigarmøtet bestemte seg å utarbeide eit grunnlag for eit nytt hamnesamarbeid med mål om politisk godkjenning i løpet av 2016.

For Lindås kommune er det primært ordførar og rådmann som har vore involvert i prosessane, og det er informert om prosessar og status i kommunestyre og formannskapet i løpet av våren 2016.



### 3. Vurdering av intensjonsavtalen

Den administrative arbeidsgruppa har hatt eit mandat for å legge grunnlaget for eit nytt felles hamneselskap. Frå februar til juni har arbeidsgruppa hatt mange møter for å avklare premissane for det nye selskapet. Dialogen mellom kommunane har vore god, men også krevjande. For å avstemme mogelege løysingar og tilrådingar frå arbeidsgruppa blei det halde eigarmøte 29.04. I tillegg har det det vore bilaterale møte, m.a. mellom Bergen og Lindås kommune, for å avklare forhold knytt til enkelte prinsipp og eigedomar. Mellom anna blei det avklart korleis ein skulle løyse problemstillingane rundt Mongstad kai. Intensjonsavtalen som blei underskrive 17.06.16 er eit resultat av ein prosess der alle eigarane har diskutert seg fram til ei best tenleg løysing.

Samanlikna med dei premissane som låg til grunn for Bergen Hamn IKS, er det vesentlige endringar som gjer at det vil vere enklare for Lindås å akseptere premissane for nytt hamnesamarbeid.

- Den viktigaste endringa i forhold til tidligare skisse (BH IKS) er at alle kommunane har fått reell medverknad i selskapet. Bergen kommune har gått ned frå 70% til 50% eigardel, i tillegg har dei andre kommunane fått eigardel og representasjon som speglar den hamneaktiviteten som er i dei ulike kommunane. Lindås kommune er nest største eigar med 16% av aksjane i selskapet og det er lagt opp til garantert styreplass. Aksjane er delt opp i A- og B-aksjar der Bergen har alle B-aksjane. Kommunar med A-aksjar har rett til å velje møteleiar på generalforsamling og Bergen kan velje styreleiar.
- Lindås kommune har også sikra seg eigarskapet til kaien på Mongstad. Ved avvikling av BOH blir eigarskapet til kaien overført til eit nytt aksjeselskap Mongstad Kai AS. Lindås kommune skal eige 65% av aksjane og Hamneselskapet 35 %. Lindås kommune kan peike ut 2 personar i styret og Hamneselskapet 1 person. Hamneselskapet skal stå for drifta av Mongstad kai AS og inngå driftsavtale på marknadsmessige vilkår. Dette betyr at Lindås kommune blir aktivt med vidare i utviklinga av kaien på Mongstad.
- I selskapet sitt føremål er det presisert tydelig at selskapet skal kunne engasjere seg i næringsutvikling innafor samarbeidsområdet. Det er viktig at dette blir tydeliggjort vidare i selskapet sin strategi og i prioriterte satsingsområder.

### Andre forhold i avtalen

Diskusjonen rundt skilje mellom hamnekaske og bykaske har i utgangspunktet vore ei avklaring mellom Bergen kommune og BOH. Dette er spesielt knytt til eigedomar som tilhøyrer Bergen kommune, men som er balanseført i BOH. Desse eigedomane er definert som hamnekapital som er strengt regulert gjennom lovverket. I intensjonsavtalen er dette løyst ved at Bergen kommune overtar eigedomar, tomtar, areal, bygningar, kaiar etc mot at det nye selskapet får tilført tilsvarende verdi (bokført) i eigenkapital. Her blir det lagt inn at selskapet totalt vil få tilført verdiar på kr 995 mill. Dette betyr at det nye hamneselskapet må leige bygg og arealer frå Bergen kommune. Korleis dette vil spele inn på det økonomiske grunnlaget for det nye selskapet er noko ein skal vurdere i den vidare prosessen.

### Samla vurdering

Det er stor hamneaktivitet i Lindås kommune og det hadde ikkje vore vanskeleg å drive eige hamneselskap, slik gjeldande vedtak skisserer. Men utvikling, drift og forvaltning av hamner er ei oppgåve som egner seg godt for eit større regionalt samarbeid, ettersom aktiviteten i utgangspunktet er uavhengig av kommunale grenser. Lindås er også ein del av ein region med stor internasjonal aktivitet og potensiale, og dette bør ein sjå på i ein samanheng gjennom eit regionalt selskap. Eit større selskap har også evne til å utvikle hamneverksemde der det er strategisk viktig. Intensjonsavtalen er eit resultat av prosessar og forhandlingar der alle partar har prøvd å finne beste løysing. Rådmannen meiner at intensjonsavtalen gir eit

godt grunnlag for å etablere eit felles regionalt hamnesamarbeid, og dei problemstillingane som låg i tidligare premissar er endra slik at Lindås vil få ein sentral posisjon i det nye selskapet. I tillegg har kommunen sikra seg eigarskap til kaien på Mongstad. Rådmannen rår derfor til at kommunestyret godkjenner intensjonsavtalen om avvikling av Bergen og Omland Havnevesen (BOH) og etablering av nytt regionalt hamnesamarbeid, og at denne avtalen erstattar tidligare vedtak knytt til hamneorganisering. Framlegg til endelege vedtekter kjem til godkjenning i neste politiske runde. Aksjekapitalen på kr 1.600.000 blir henta frå disposisjonsfondet.